



Årsmelding for hovudstyret i Nordre Holsnøy IL 2017

Styret i NHIL har i 2017 vore samansett av desse medlemma

Styreleiar: Anders Olav Dale

Nestleiar: Odd Harald Dommersnes

Økonomiansvarleg: May Rossnes

Handballeiar: Kristin Brakstad Traa

Fotballeiar: Ronny Borgen Hansen

Styremedlem: Anne Grete Eide

Styremedlem: Jan Åge Tangen

Første varamedlem: Linda Langenes

Andre varamedlem: Eivind Isdal

Tredje varamedlem: Thomas Mjelde

Medlemmar

Pr. 31.12.2017 var me 450 medlemmar i klubben.

Økonomi

Hovudstyret ser at det er mogleg å drive leiging av klubben på dugnad, men at det i periodar er krevjande og at det lett blir slitasje på dei mest involverte. Me vil likevel forsetje med å ta desse oppgåvene på dugnad i likskap med trenarar, bane- og vedlikehaldnemnda, medlem av dei andre styra og andre frivillige i klubben.

Den økonomiske situasjonen for 2017 har følgd trenden frå dei seinare åra, og har generelt vore god. Nordre Holsnøy IL har hatt eit overskot 98 376,84,- i 2017. Me er nøgd med dette, men eit slikt overskot må også sjåast i samanheng med at idrettslaget har ansvaret for drift av klubbhuset, kunstgrasbana i Leirdalen og på ved Vestbygd skule. Dette gjer at me enkelte år må gjere meir kostbare investeringar i drifta enn andre. I 2017 har me ikkje hatt nokon store vedlikehaldprosjekt på desse anlegga, men dette vil koma igjen, og me er derfor avhengig av overskot i år utan store investeringar.

Anleggsdrift

Drifta av anlegget går veldig bra. Anlegget krev kontinuerleg vedlikehald. Godt vedlikehald av klubbhus, kunstgrasbana, ballbinga og treningsfeltet har sørgja for ypparlege treningsforhold året rundt. Bane- og vedlikehaldnemnda har stått for vedlikehaldsoppgåvene på ein utmerka måte.

Arbeidet har i sin heilskap vore utført på dugnad. Takk alle som har bidratt med formidabel dugnad på anleggssida. Utan denne innsatsen hadde ikkje klubben vore den same. Innsatsen som vert lagt ned av denne nemnda er førebiletleg for resten av klubben og lokalsamfunnet.

Året som har gått og vidare framover

I 2017 har hovudstyret brukt tid på ein del møter med vår naboklubb Kvernbit. Me har sett saman på ulike måtar klubbane kan samarbeida endå tettare på. Klubbane har hatt ei felles styringsgruppe. Styringsgruppa sett ned ei arbeidsgruppe som har hatt i oppgåve å utreia dei ulike samarbeidsmodellane som har vore sett på som aktuelle. Arbeidsgruppa som vart sett ned gjorde ein veldig god jobb med å sjå på dei ulike modellane og kom med ein anbefaling til styringsgruppa i eit møte mellom klubbane 31.januar 2018. Ut i frå kva klubbane ønska å oppnå med dette samarbeidet vedtok hovudstyret i Nordre Holsnøy IL følgande 7/2-18:

Vedtak frå styret:

Hovedstyret i Nordre Holsnøy IL ønsker ikke å gå videre med alternativet som ble presentert fra arbeidsgruppen. Dette fordi en god del av medlemsmassen til NHIL vil forsvinne til Kvernbit, og dette kan få konsekvenser for vår økonomi som vi ikke har oversikt over. Et annet argument er at maktfordelingen mellom klubbene ville blitt endret, og det er vanskelig å se helt klart de langsiktige konsekvensene av dette.

NHIL ønsker å fortsetje det gode samarbeidet me har med Kvernbit rundt samarbeidslaga i ungdomsklassane i fotball. Me håpar at denne ordninga kan fortsetje som ei god løysning for begge klubbane.

Me vil også i kommande år måtte fokusera spesielt på inntektssida for å sikra at drift og vedlikehald av anlegget kan haldast på eit naudsynt nivå.

Kiosken

Kiosken og foajéen er ein samlingsplass for føresette, medlemmar og andre. Nokon lag slit dessverre med å bemanna kiosken, men kioskansvarleg Irene Baug gjer ein god jobb med å få ei positiv utvikling på dette. Grunnar til me ønskje å halde på ordninga med open kiosk er at det skal vere ein open og tilgjengeleg samlingsplass, det er lettare å halde første etasje i god stand når me har fasta vaktar der som ser til at ting går greitt for seg og som støvsugar, vaskar og liknande. I tillegg har me moglegheita til å skaffa inntekt til klubben. Kva dagar, og periodar kiosken skal vere open ha me sett på, og justert framfor 2018. Styret er open for innspel på korleis ordninga kan vidareførast på ein best mogleg måte.

Takk!

Det er utruleg mange timars dugnad og innsats frå frivillige som har gjort Nordre Holsnøy IL til det idrettslaget det er i dag, for ikkje å gløyma nokon, så sender me ein stor takk til alle som bidrar, stort eller lite – det betyr noko, tusen takk!

Lykke til vidare i sesongen 2018!

På vegne av hovudstyret i Nordre Holsnøy IL

Styreleiar

Anders Olav Dale